

Arkivsak-dok. 19/00254-14
Saksbehandler Silje Annett Myrvang

Saksgang	Møtedato
Time kontrollutval	
Time kontrollutval	11.09.2023

BUDSJETTFORSLAG KONTROLLUTVALET 2024

Forslag til vedtak/innstilling:

Kontrollutvalet i Time går inn for eit samla budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2024 på kr.1 748 200,- ekskl. mva.

Kontrollutvalet sitt budsjettforslag skal følgje formannskapet si behandling/innstilling og sak til kommunestyret vedrørende budsjett 2024.

Vedlegg:

Budsjettforslag 2024

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har eit lovpålagd ansvar for å utarbeide forslag til budsjett til kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagd kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i medhald av føreskrift, leggjast fram for kommunestyret i samanheng med kommunestyret si behandling av kommunen sitt samla budsjett for 2024.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter som er knytt til kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet vert derfor å sjå på ei eiga avdeling med budsjettansvar for eige budsjett. Det inneber og ansvar for rekneskap og oppfølging av rekneskapen gjennom året.

Saksframstilling:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor i stor grad lovpålagde oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i tre hovudpunkt; utgifter til utvalsarbeidet, sekretariat/administrasjon og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalets utgifter: Kontrollutvalets utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til køyring/ transport, kurs m.m. Utvalet sitt medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ei utgift som kjem så lenge kommunen er medlem.

Sekretariatet sitt budsjettforslag:

Time kommune er medeigar i Rogaland Kontrollutvalgssekretariat, og kjøper kontrollutvalet sine administrasjonstenester herifrå. Grunnbeløpet for sekretariatet er auka med kr 20 000,-. Sekretariatet blir drive etter sjølvkostprinsippet som fram til nå enten har ført til tilbakebetaling av overskot eller at opprinneleg budsjett har vore tilstrekkeleg.

Revisors budsjettforslag: Time kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS, og kjøper derfor sine revisjonstenester frå selskapet. Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig rekneskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar i tråd med planar vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet.

Revisor sitt budsjettforslag har auka med 55 kr pr. time.